



Arkivsaknr: 2024/1059-5
Sakshandsamar: Tore Henrik Øye
Avdeling: Plan, forvaltning, utvikling

SAKSFRAMLEGG

Fråsegn til konsesjonssøknad om ny Krossdalen transformatorstasjon, med tilhøyrande tiltak og anlegg

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vaksdal kommune viser til oversendte høyringsdokument om Statnett og Eviny sine konsesjonssøknadar for å byggje ny Krossdalen transformatorstasjon, med tilhøyrande anlegg og tiltak.

Høyringa er handsama av kommunestyret og formannskapet.

Fråsegna vår går fram av det følgjande, med hovudvekt på Statnett sin konsesjonssøknad, inkludert hjelpeanlegg. Uttalen konsentrerer seg om planlagde tiltak i Vaksdal kommune.

Søknaden om å byggje ny transformatorstasjon med tilhøyrande kraftliner og anlegg, er fremja etter energilova § 3-1. Dette tydar at planane, i alle hovudsak, er unnateke handsaming etter plan- og bygningslova, uavhengig av planstatus i kommuneplanen sin arealdel, sjølv om tiltaka evt. er i strid med avsette arealføremål, jf. pbl. § 1-3 andre ledd. Vi går difor ikkje nærare inn på plan- og bygningslova eller kommunale planar i fråsegna. Det vert likevel lagt til grunn at Statnett er ansvarleg for å hente inn eventuelle, naudsynte løyve frå anna lov- og føreskriftsverk.

Vaksdal kommune ser samfunnsnyttan av å fornye og oppgraderte dagens anlegg for hovudstraumforsyning ved etablering av ny Krossdalen transformatorstasjon. Samstundes vil det vere viktig å ta tilstrekkeleg omsyn til natur- og kulturmiljøet, samt å oppnå ei best mogleg tilpassing til lokale forhold og interesser.

Konsesjonssøknaden frå Statnett gjev ei gode skildring av planlagde gjeremål, der ein gjennom konsekvensvurdering og prioritering av avbøtande tiltak, tek omsyn til omgjevnadane, for å redusere negative konsekvensane av utbygginga.

Kommunen meiner likevel det kunne vore ei nærare omtale av moglege verknadar for - og omsynet til - villaksen i Ekso (raudlista art), samt naturmiljøet langs Eidslandsvegen og naturverdiane i sjøen ved Eidslandet, der nytt kaihakk skal etablerast i omsynssone for bevaring av naturmiljø (nasjonal laksefjord). Dette for at planlagd utbygging skal vurderast ut frå best mogleg kunnskapsgrunnlag, jf. naturmangfaldlova § 8, med naudsynte omsyn til naturmiljøet.

Kommunen ser positivt på planlagd utbetring av Eidslandsvegen, for å sikre tilstrekkeleg vegstandard ved transport av ny transformator til Krossdalen transformatorstasjon. Dette vil kome lokalsamfunn og næringsliv til gode. Men sjølv om anleggsarbeidet, i følge konsesjonssøknaden, skal gjennomførast på ein måte som gjev små verknadar for omgjevnadane, ønskjer vi å presisere at mogleg avrenning av partiklar og næringsstoff til Ekso, må reduserast til eit minimum, gjennom gode oppsamlingssystem, med kontroll- og målemetodar. På generelt grunnlag, ut frå samla omsyn til naturmiljøet, reknar vi elles med at aktuelle, avbøtande tiltak vert tekne inn som vilkår for konsesjonen, med krav om utarbeiding av aktuelle detaljplanar, som plan for natur og miljø med fleire.

Ein annan faktor i samband med vegutbetringa, er å ha kontroll på overflatevatn gjennom grøfte- og dreneringssystem. Dersom slikt vatn vert ført inn i eksisterande system, nedanfor tiltaksområdet, er det viktig å sikre tilstrekkeleg dimensjonering, slik at vatnet ikkje flaumar over og medfører erosjon. Aktuelle grunneigarar bør eventuelt varslast om slik forhold.

Eidslandsvegen er ein gamal veg, med kulturhistorisk verdi, der årstalet 1888 er meisla inn i fjellet på grensa mellom Bråtet og Kvernhusbekken. Dette som minnesmerke om når vegen vart bygd. I dette høvet ser kommunen det som viktig å ikkje øydeleggje/ sprengje vekk dette merket ved planlagd utbetring, men å velje ei løysing som tek vare på årstalet.



Ved Barlingebotn går det ei lita elv med utlaup i Skålevika i vatnet på Eikefet. Her vandra det tidlegare opp sjøaure, i følge grunneigar. Situasjonen i dag er ukjent, men ein bør likevel unngå avrenning av massar til elva, om det vert gjennomført utbetring langs fylkesvegen i dette området. Elles vil det på stader der eventuelle vandringsvegar for fisk kryssar veg, vere viktig å sikre at plassering av kulvertar/røyr ikkje stengjer for vandring (generell kommentar).

Ved kaien på Eidslandet, der det skal etablerast nytt kaihakk og mellombels anleggsområdet, ligg det kommunale VA-leidningar i grunnen/i sjøen. Etter dialog med Vaksdal kommune, vart plasseringa av kaihakket i konsesjonssøknaden endra, slik at installasjonen

ikkje kjem i konflikt med desse leidningane (meir enn 4 meter avstand i høve til VA-norma). Planlagt plassering vert i dette høvet rekna som greitt, men dersom det vert endringar - eller at utbyggjar er usikker - må det takast ny kontakt med kommunen før iverksetting.

I tillegg til kommunale leidningar, kan det vere private VA-anlegg i området. Desse er ikkje kartlagde, og utbyggjar må sjølv ta kontakt med grunneigarar for eventuell lokalisering av moglege leidningar. I dette høvet må det søkjast om nytt utsleppsløyve, om endring av private VA-anlegg vert aktuelt.

Kaihakket på Eidslandet vil bli liggjande nær den kommunale kaien, og mykje av kaiområdet vil bli nytta som anleggsområdet under utbygginga (mellom anna på kommunal grunn). Det står ikkje noko i søknadane om type bruk eller kor lenge bruken skal vare. Dette vil vere viktig å avklare, for best mogleg tilpassing til dagens bruk og tilkomst, eksempelvis knytt til kommune kaien. Her må det sikrast framkomst for lastebil, ved eventuell sandfrakt til kaien. Elles vert området ved kaien nytta ved ferdsle til og frå sjøsida, i samband med bruk av fritidsbåtar og annan, mogleg aktivitet, som snuplass for buss og parkering for privatbilar. *I dette høvet bør det gjerast avtale mellom Statnett og kommunen, samt evt. andre grunneigarar, om bruken av kaiområdet og plassering av kaihakket, for best mogleg tilpassing til lokale forhold.*

I samband med planlagd lagring av kring 2000 m³ med skotmassar i grupe/sandtak på Myster, viser vi til statleg krav om lagring av «reine massar», med dokumentasjon og handtering etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-1243. Masselagringa bør også byggje på privatrettsleg avtale med grunneigar. Vidare må deponeringa vurderast opp mot samfunnsnyttan av tiltaket. Her kan det vere naturleg å etablere dyrka jord i grupa, ved såing av graseng, for framtidig bruk som jordbruksareal. Tiltaket må i dette høvet sjåast opp mot trongen for dyrka mark og lokal interesse/nytte, samstundes som søknadsplikt etter dyrkingsforskrifta i jordlova vert vurdert.

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn, føremål og innhald

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har sendt konsesjonssøknadar frå Statnett og Eviny på høyring. Søknadane gjeld løyve til å etablere ny Krossdalen transformatorstasjon i Modalen kommune, med;

- omlegging av luftleidningar inn til stasjonen,
- ny 420 kV Krossdalen-Steinsland og ny delstrekning 420 kV Krossdalen Haugsvær,
- spenningsoppgradering av eksisterande kraftverk, m.m. (Eviny).

I samband med planane er det òg søkt om å få etablere både permanente og mellombelse hjelpeanlegg for gjennomføring av hovudtiltaket. For Vaksdal kommune sin del gjeld dette:

- *Nytt kaihakk på Eidslandet for ilandføring av transformator, med anleggs plass (punkt A 13 på situasjonskart til søknaden (vedlegg 2).*

- *Utbetring av 14 punkt på Eidslandsvegen, i form av skjeringar, fyllingar og ny veg.*
- *Permanent masselagring av sprengstein på gbnr. 39/24 Myster, med jordlag på toppen (0,4 - 1,5 meter). Lagringa skal skje i gamal grupe/tidlegare sandtak.*

Konsesjonssøknaden sitt føremål er knytt til behovet for å forsterke overføringsnettet som forsyner regionen med kraft. Dette tek utgangspunkt i venta forbruksvekst, både innan industri og vanleg forbruk.

Det er gjennomført konsekvensutgreiing av planlagde tiltak, der konsesjonssøknaden tek for seg verknadar av prosjektet/anleggsarbeidet. Her går det fram at tiltaka vil gje nokre negative konsekvensar for friluftsliv og kulturmiljø, og store negative konsekvensar for naturmiljø, jf. side iii og 3 i søknaden. Konsekvensane vil verte størst i Modalen kommune, sidan hovdelen av prosjektet skal utførast der.

Det vert lagt opp til friviljuge avtalar med aktuelle grunneigarar ved planlegging og gjennomføring av prosjektet. Ekspropriasjon/oreining kan bli nytta ved behov.

Det går fram av oversendingsbrevet frå NVE, at ein ønskjer innspel om;

- *kva høyringsinstansane meiner om tiltaket?*
- *konsekvensar som følgje av anlegget, er godt nok utgreia?*
- *evt. framlegg til justeringar av planane, for reduksjon av negative verknadar.*

Vaksdal kommune har fått utsett høyringsfrist til 15. september. I dette høve legg kommunedirektøren fram administrasjonen si vurdering av planlagde tiltak, med framlegg til høyringsuttale. Dette som grunnlag for politisk handsaming og vedtak i formannskapet og kommunestyret. Framlegget konsentrer seg om konsesjonssøknaden til Statnett, med vekt på planlagde tiltak i Vaksdal kommune.

Søknadane går fram her: www.nve.no/13004/A (Statnett) og www.nve.no/16101/A (Eviny).

Nærare skildring av planlagde tiltak

KAIHAKK OG ANLEGGSPASSAR PÅ EIDSLANDET

Statnett planlegg båtfrakt av ny transformator inn Eidsfjorden, til Eidslandet. I dette høvet er det behov for bygging av nytt kaihakk for ilandføring. Kaien skal støypast i betong, med bruk av pælar som fundament, sjå planteikning på side 18 i konsesjonssøknaden.

Samstundes er planen å nytte den opne plassen ved kommunekaien på Eidslandet som anleggsområde. Mykje av dette arealet er i kommunal eige.



Figur 1: Kartskisse over plassering av kaihakk (blå markering) og anleggsområde (gul markering), samt flyfoto av området, med dagens bruk.

I følge kommuneplanen sin arealdel, har storparten av tiltaksområdet «*kombinert bygge og anleggsområde*» som arealføremål», med krav om felles planlegging ved etablering av tiltak («*gjennomføringssone*»). Vidare er ein mindre del av arealet, ned mot sjøen, avsett til «*framtidig grøntstruktur*». I tillegg er det etablert ei omsynssone i sjøen, for «bevaring av naturmiljø», knytt til Eidsfjorden som nasjonal laksefjord og villaks som raudlista art.



UTBETRING AV FV. 569 EIDSLANDSVEGEN (Eidslandet – Modalstunnelen)

For å få transportert transformatoren til Krossdalen i Modalen, er det trong for å utbetre Eidslandsvegen. I dette høvet er det lagt opp til utbetring av 14 punkt. Dette inkluderer skjeringar, fyllingar og ny veg. Punkta er kartfesta på vedlegg 2 i Statnett sin søknad: *P 11, 12,13, 14,15,16, 17,18, 19, 20, 21, 22, 23, 25*. Det er fylkeskommunen som eig vegkroppen og grunnen nærast vegen.

PERMANENT MASSEDEPONI PÅ MYSTER

Planlagd utbetring av fylkesvegen vil gje masseoverskot på om lag 20 000 m³. Her er det lagt opp til permant lagring av massane, hovudsakleg sprengstein, i grupe (tidlegare steintipp/grustak) på Myster (gbnr. 39/25, privat grunn). Det vil bli tilført jordlag på toppen.





Figur 2: Markslagskart, flyfoto, og profilkart for planlagt masslagring på Myster.

Deponiet skal anleggjast utan fare for avrenning til nærliggjande vatn, i følgje søkjar, med «massetak» som status etter påfylling. Tiltaket vil gje ei heving og skråning av terrenget i høve til i dag, jf. planteikningar i figur 2.

FORMELT GRUNNLAG

Konsesjonssøknadane frå Statnett og Eviny byggjer på energilova § 3-1;

- om konsesjon for etablering av bygging og drift av elektriske anlegg.
- om konsesjon for etablering av permanente hjelpeanlegg.
- om konsesjon for etablering av permanente mellombelse hjelpeanlegg.
- om bygging av drift av Nygard pumpekraftverk, Krossdalen transformatorstasjon,....

SAKSVURDERING

Konsesjonssøknadane til Statnett og Eviny gjev ei god framstilling/skildring av planlagde tiltak, med gjennomføring og mogelege konsekvensar av gjeremåla. Dette som grunnlag for kommunen si fråsegn i saka. Søknadane er likevel samansette, med mange delprosjekt. Det kan difor vere krevjande å få full oversikt – og å fange opp alle relevante forhold.

I det følgjande gjev kommunedirektøren ei vurdering av ulike saksforhold *knytt til Statsnett sin søknad, med vekt på gjeremåla i Vaksdal kommune*. Eviny sin søknad vert ikkje omtalt nærare, sidan tiltaka ligg i Modalen kommune. I dette høvet viser vi til kommunen sin uttale.

VERKNADAR FOR NATURMILJØ

Konsesjonssøknaden sin verknad for naturmiljøet, vert vurdert ut frå planlagde utbetring av Eidslandsvegen (Fv. 569), etablering av kaihakk på Eidslandet og massedeponi på Myster.

Fylkesvegen mellom Eidslandet og Modalstunnelen, ligg i nedslagsfeltet til Ekso, med direkte avrenning til elva. Veggen går like inntil elva fleire stader.

Ekso er ei lakseførande elv opp til Raudfossen, der villaksen som art er klassifisert som «nært trua» på raudlista frå 2021. Bestanden i Ekso er i dette høvet låg, og det vil ved tiltak

langs vassdraget, vere viktig å ta omsyn til arten, slik at miljøbelastninga vert minst mogleg. Planlagt utbetring av fylkesvegen kan i dette høvet, potensielt, føre til avrenning av lausmassar (jord-/steinpartiklar) og næringsstoff/nitrogenforbindelsar ved gjennomføring (graving, sprenging og liknande). Det er difor viktig å vere merksam på problemstillinga, og ta høgde for denne. For sjølv om konsesjonssøknaden seier at arbeidet skal utførast på ein måte som gjev minst mogleg avrenning, med gjennomføring av ulike, avbøtande tiltak, ser kommunedirektøren det som viktig å peike på aktuelle forhold. Det er difor ein føresetnad at naudsynte tiltak vert iverksett, med gode rutinar for kontroll og overvaking. Elles kan det nemnast at elvevassføringa kan gje ein utspylingseffekt som reduserer faren for sedimentasjon.

I følgje Naturbase er det registrert ein lokalitet med «gamal boreal lauvskog» ved Uskhaugen og ein lokalitet med «gamalfattig edellauvskog» ved Haugane. Dette er naturtypar med høvesvis stor og middels verdi etter DN-håndbok 13, der begge lokalitetane ligg relativt nær fylkesvegen og planlagde arbeidspunkt. I tillegg vise «Naturbase» og «Artsdatabanken» registrering av ulike artar av flora og fauna i nærleiken av veg, frå kaien på Eidslandet og opp til tunnelen. Dette er «ansvarsarter» som granmeis (sårbar) og barlind (sårbar), samt mange artar med livskraftig bestand. Planlagde vegtiltak vil ikkje kome i direkte kontakt med dei registrerte lokalitetane, slik som vi vurderer det, og Kommunedirektøren sitt inntrykk er artane/lokalitetane ikkje vil bli nemneverdig råka av vegtiltaket. Det er likevel viktig å vere merksam på problematikken, og forholde kunne elles vore nærare omtalt i konsekvensutgreiinga til konsesjonssøknaden.

VERKNADAR FOR KULTURMINNE/KULTURMILJØ

Eidslandsvegen, som vart bygd på 1880-talet, er delvis lagt på den gamle kløvjevegen «Reitlevegen», og er den eldste delen av veggen gjennom Eksingedalen, samt den eldste delen av fylkesveg 569 mellom Dalseid og Romarheim, jf. artikkel i VP 19.06.24. Veggen er smal og svingete. I dette høvet vil den punktvisse utbetringa som er planlagt, heve standarden og vere positivt for ferdsle, framkomst og vegtryggleik. Det er likevel viktig å ta omsyn til veggen sin kulturhistorisk verdi og kulturminne langs vegstrekninga. Her kan planlagt fjerning av fjellknaus kunne føre til at *minnesmerket 1888*, som er meisla inn i fjellet, vert sprengt vekk. Merket fortel om kva tid veggen vart bygd, og må vernast mot inngrep, ved å finne fram til ei anna løysing ved vegoppgradering. Elles oppmodar kommunedirektøren NVE til å vere merksame på eventuelt andre innspel om kulturminne langs veggen.

OMSYNET TIL OVERFLATEVATN OG EROSJONSFARE VED VEGUTBETRING

I samband vegutbetring vil det truleg vere naturleg med utbetring - og etablering - av nye drenerings-/grøftesystem. I dette høvet er det viktig å vere merksam på kapasiteten for å ta i mot overflatevatn, slik at ein førebyggjer/reduserer faren for overflauming og erosjon på nærliggjande areal (kommunale eller private). Dette er spesielt viktig dersom ein leiar nytt vatn inn i eksisterande grøfter «lengre nede». Her vil være naturleg at kommunen - og evt.

andre - vert varsla ved slik praksis, til dømes i form av felles synfaring og kartfesting av grøfter/dreneringssystem.

FORHOLD KNYTT TIL PERMANET MASSEDEPONI PÅ MYSTER

Det går fram av konsesjonssøknaden at det er planlagt tilføring av om lag 20 000 m³ med overskotsmassen for permant lagring i grupa/det gamle grustaket på Myster. Massane skal hovudsakleg bestå av sprengstein, med eit jordlag på toppen. I dette høvet føreset kommunedirektøren at det vert nytta reine massar etter statleg klassifiseringsreglement, jf. forureiningslova, og at dette kan dokumenterast ved analyseresultat.

Grupa/grustaket er avsett til «*råstoffutvinning noverande*» i kommuneplanen sin arealdel, og er klassifisert som «anna markslag» på NIBIO sitt arealressurskart for markslag (AR 5). Arealet rundt grustaket er landbruksområde, avsett til LNFR i arealdelen.

Det er vedtek detaljreguleringsplan for området (plannummer 1999003), der areala innanfor plangrensa skal nyttast som spesialområde (massetak) og til landbruk (jord og skog), i følgje planen.

Slik som kommunedirektøren oppfattar konsesjonssøknaden, skal massedeponiet berre knytast til grupa/sandtaket, og ikkje råka dyrka mark eller anna jordbruksareal. Dette er i tråd med vedteken reguleringsplan, og vil vere viktig ut frå jordvernomsyn, ved å ta vare på eksisterande jordbruksareal.

I samband med etablering av massetak i grupa, bør det vurderast om arealet kan gjerast om til dyrka mark, ved bruk til lokal matproduksjon. Dette må eventuelt avklarast med grunneigar, og ei slik omlegging kan krevje søknad etter jordlova, alt etter om tiltaket vert sett på som nydyrking eller deponi. Ei slik etablering fører også til endring i høve til gjeldande reguleringsplan, og må vurderast i høve til dette. Omlegginga må også eventuelt, føre til aktiv bruk av arealet, ut frå lokale behov for jordbruksjord.

FORHOLD KNYTT TIL ETABLERING AV KAIHAKK PÅ EIDLANDET

I følgje kommuneplanen sin arealdel, har storparten av tiltaksområdet «*kombinert byggje og anleggsområde*» som arealføremål», med krav til felles planlegging ved etablering av tiltak («*gjennomføringssone*»). Vidare er ein mindre del av arealet, ned mot sjøen, er avsett til «*framtidig grøntstruktur*».

I tillegg er det etablert ei omsynssone i sjøen, for «*bevaring av naturmiljø*» (*nasjonal lakseffjord*). Denne kartfestinga går også fram av interkommunal plan for sjøareal. Konsekvensane av etablering av kaihakk for laksen, er truleg avgrensa, men vil kunne krevje nærare vurdering etter naturmangfaldlova og handsaming ved detaljplanlegging av tiltaket.

Sidan det er søkt om konsesjon etter energilova, er det ikkje naudsynt å ta omsyn til plan- og

bygningslova eller avsett planføremål i arealplanane, jf. pbl. § 1-3 andre ledd og nærare omtale i eige kapittel i fråsegna. Likevel er det greitt å vere merksam på om det er samsvar mellom plan og søknad. Her er det truleg samsvar når det gjeld arealføremål, men tiltaket er ikkje heilt i tråd med avsett omsynssone i sjøen.

I følgje offentleg regelverk/normer, kan det ikkje setjast i verk bygging nærare enn 4 meter frå kommunale VA-leidningar. Statnett har difor, etter kontakt med kommunen, justert plasseringa av kaihallet i høvet til dette, sidan det ligg kommunalt leidningsnett i grunnen i området. Det er likevel naturleg å peike på forholdet i høyringsuttalen, som ei påminning.

FORHOLD KNYTT TIL BRUK AV KAIOMRÅDET PÅ EIDSLANDET SOM ANLEGGSSOMRÅDE

Konsesjonssøknaden omtaler i liten grad omfang og bruk av arealet ved kaien til anleggsområde, og kor lenge bruken skal vare. Dette kunne vore nærare omtalt. Kommunedirektøren er i dette høvet oppteken av at korkje etablering av kaihakk eller anleggsområde fortrenger dagen bruk av kaien/kaiområdet, meir enn naudsynt, mellom anna med tanke på tilkomst til sjø, fortøying av småbåtar og bruk til parkeringsplass.

Statnett sine planar bør difor avklarast og avtalast med aktuelle grunneigar/bruksrettshavarar, med beste mogleg plassering og tilpassing i høve til lokale interesser.

SØKNADSPLIKT ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA OG KOMMUNALE LØYVE?

Statnett søker som nemnd om konsesjon til planlagde tiltak etter energilova. I dette høvet går det fram av NVE sin rettleiar (5/2014), at søknad om bygging av transformatorstasjonar og større kraftleidningar etter denne lova, er unnateke handsaming etter plan- og bygningslova. Dette tydar at det kan gjevast konsesjon til å byggje anlegg, uavhengig av planstatus i kommuneplanen sin arealdel. Tilhøyrande konstruksjonar og nødvendige sekundæranlegg, tilkomstvegar, bygg, massedeponi og liknande, som vert omfatta av konsesjonshandsaminga, er også unntatt frå plan- og bygningsloven. Verknaden av dette er at planlagde hjelpeanlegg i Vaksdal kommune, ikkje er skal handsamast etter plan- og bygningslova og kommuneplanen sin arealdel, ved at gjeldande arealføremål på dei nemnde stadene, vert sett til side, om naudsynt. Likevel vert det lagt til grunn at Statnett uansett er ansvarleg for å innhente eventuelle, naudsynte løyve frå anna lovverk.

Elles bør det leggje vekt på å få på plass friviljuge avtalar med kommunen og aktuelle grunneigarar, i høve til arealbruk ved gjennomføring av planlagt prosjekt.